

Invitasjon til møte i samband One Ocean Week

- Akvakulturnæringa på Vestlandet – frå «Raudt til Grønt»

Tid: Torsdag 20. april kl. 15.30 - 17:30
Stad: Litteraturhuset, Østre Skostredet 5, Bergen

Åtte kommunar i Region Nordhordland er saman om å utarbeide ein felles interkommunal arealplan for sjø. Planen har vore ute på 1. gongs høyring og vert i desse dagar lagt ut på 2. gongs høyring.

I arbeidet med arealplan vart det etter kvart klart at ikkje alle utfordringar let seg løyse i ein arealplan. Risikorapportane frå Havforskningsinstituttet viser at akvakulturnæringa i PO4 som Region Nordhordland høyrer til i, har store utfordringar med lakselus. Dette gir nedtrekk i produksjonen og store tap for næringa. Samstundes gir det dårlege vilkår for villaksen.

Dette er eit særskilt viktig tema som det må samarbeidast om i eit større område enn berre for Region Nordhordland. I samband med arrangementet One Ocean Week i Bergen ønskjer Regionrådet Nordhordland å arrangere eit møte med dette som tema - og der ein kan informera om dei erfaringane som er gjort i samband med den interkommunale arealplanen.

For å få meir kunnskap om dette vart det søkt Vestland fylke om midlar for å få utarbeid ein rapport som såg på tiltak for å auka produksjonen av laks og ørret i Nordhordland, og bedrifts- og samfunnsøkonomiske konsekvensar av lukking av oppdrettsanlegg.

Denne rapporten føreligg no. Rapporten er utarbeidd av professor Bård Misund / NORCE. Rapporten ser på tapet i akvakulturnæringa på grunn av nedtrekk i produksjonen (raud sone). Det viktigaste i rapporten er likevel potensiale for å auke verdiskapinga dersom ein gjer dei rette vala framover.

Samstundes søkte Veterinærinstituttet (VI) saman med Havforskningsinstituttet (HI) og Universitetet i Stavanger (UIS) om midlar til eit prosjekt som skulle sjå frå «Raudt til Grønt» (lakselus og nedtrekk). Desse to prosjekta vil bli samkøyrte.

Region Nordhordland IKS / Regionrådet Nordhordland og Vestland fylkeskommune inviterer i samarbeid med HI, VI og UIS til eit opent møte for å fokusere på dei utfordringane som er og kva som kan vere aktuelle løysingar framover.

Med venleg helsing

Rune Heradstveit
Dagleg leiar Region Nordhordland

Bent Gunnar Næss
Prosjektleder Region Nordhordland IKS

Frå Raudt til Grønt – for akvakulturnæringa i Vestland

Torsdag 20. april kl. 15:30 - 17:30, Litteraturhuset

- Velkomst – innleiing
Regionrådet Nordhordland / Interkommunale planutvalet for den interkommunale planen for sjøareal i Nordhordland
- Kva skal til for å gå raudt til grønt i PO3 og PO4
Ketil Skår, Veterinærinstituttet
- Kor mykje tapar næringa på å vere i raud sone? Er det samfunnsøkonomi og bedriftsøkonomi å velje andre løysingar som kan føre oss frå raudt til grønt. Professor Bård Misund
- Spørsmål / dialog
- Status for lukka teknologi – er den moden og konkurransedyktig.
Cato Lyngøy
- Lerøy AS sine investeringar på anlegg i Nordhordland. Erfaringar. Nils Arve Eidsheim
- Oppsummering / vegen vidare
Regionrådet, HI, VI og Vestland fylkeskommune

Påmelding til post@regionnordhordland.no innan 18. april.

Kontaktperson:

Bent Gunnar Næss, mobil 481 24 623, bent.gunnar.naess@regionnordhordland.no

Arrangør:

Region Nordhordland IKS / Regionrådet Nordhordland og Vestland fylkeskommune i samarbeid med HI, VI og UIS.